

Møtebok for Kyrkjeleg fellesråd i Kvam

Saksnummer: OSL/04/24
Innkallingsdato: 24. april 2024
Møtedato: 8.mai 2024
Møtestad: Norheimsund kyrkje
Møtetid: 19.00 – 21.00

Medlemer tilstades på møtet: 6 Arne Opsahl-Engen
Astrid Lunestad
Kjell Dysvik
Margun Mikkelsen Tordal
Ida Lindøe
Lisbeth Henriksen
Astrid Helleve Fylkesnes

Varamedlemer tilstades: 1 Tove Fjell

Meldt forfall: 3 Ida Lindøe
Magne Kolstad
Vetle Karlsen Eide

Andre: Olav Skeie Lid, sekretær
Seniørrådgjevar Anne Marie Øvrevik, under sak 18.
Leiar for innstillingsutvalet, Hans Soldal, under sak 21/24

Møteleiar: Margun Mikkelsen Tordal

Saker som vart drøfta: Sak 16/24 til og med sak 21/24

16/24 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Samrøystes vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 20.mars vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde: Kjell Dysvik og Astrid Lunestad.

17/24 Meldingar

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande.

- I tråd med vedteken investeringsplan har kyrkjeverje gått til innkjøp av ny projektor og lerret til Norheimsund kyrkje. Me fekk eit godt tilbod frå Avistas AS, og investeringa vert i stor grad finansiert av Vikøy sokneråd. Eigne tilsette vil i stor bidra med montering.
- Ny plentraktor er på veg inn. Den er leasa, for ikkje belasta likviditeten vår. Me vil behalda den gamle som ekstrahjelp i travle tider, men den er definitivt utsliten. Ein god leasingavtale hjå Gules mek er inngått.
- Heller ikkje ved denne utlysinga kom det søkjrarar til stillinga som sokneprest i Øystese og Ålvik, - i alle fall ikkje nokon som vart innkalla til intervju. Me er glade for at trufaste pensjonistar nok ein gong stiller opp, og det går mot ei løysing der Brigt Sigve Skeie og Roar Strømme vil dela på denne stillinga det komande året.
- Prosessen med kyrkjerestaureringa i Strandebarm rullar og går. Det er mange instansar som skal ha eit ord med i laget, og ting tek lenger tid enn ein utolmodig kyrkjeverje hadde sett for seg. Læringskurva inn mot gammal byggeteknikk og ivaretaking av gammalt handverk er bratt, både for konsulentar og kyrkjeverje. Ny kunnskap kjem til overflata i eitt bankande, og i skrivande stund er det høgst usikkert både med omfanget og metodebruk når det gjeld gjennomføringa. Meir informasjon kjem i fellesrådmøtet.

18/24 Økonomisk kvartalsrapport

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek rapporten til vitande. Det førebelse underskotet er på 533.000,- så langt i år. Fellesrådet er uroa over mangelen på samsvar mellom ressursar og dei oppgåver fellesrådet er sette til å løysa, og bed kyrkjeverje snarast gå i dialog med heradet om dette.

Kommentar til kvartalsrapporten: Rapporten er utførleg kommentert av rekneskapsførar Anne Marie Øvrevik. I tillegg er fylgjande å seia:

- Periodisering gjer at me delvis fangar opp ulik tidspunkt for store rekningar og ditto overføringer, slik at resultatet skal vera etterretteleg. Men like fullt er det vanskeleg å bruka kvartalsrapportering som heilt presist uttrykk for endeleg resultat.
- Straumbruken var høg i ein kald vinter som ligg attom, og prisen likeeins. Januar og februar gjorde difor store innhogg i budsjettet for straum 2024, sjølv om tala ligg litt: om lag 100 000 er betaling for desember månad. For sommarhalvåret vil kyrkja vera linka til spotpris, i tru på at det er eit godt val. Men straumkostnaden er truleg underbudsjettert for 2024. Dette vil bli korrigert i justert budsjett etter første halvår.
- Me har fått melding frå KLP om at pensjonspremien vert heva ytterlegare dette året – budsjettert sum vil ikkje vera nok. Pensjonskostnadane er heilt klart den enkeltfaktor som i størst grad knekkjer økonomien vår. Den har stige med 300% på tre år.
- Tariffoppgjeren for 2024 kjenner me ikkje, men alle solemerke tilseier eit godt oppgjer, omkring 5% auke.
- Budsjettet for 2023 er eit estimat etter beste evne. Det er likevel heilt klart at både kyrkjeverje og rekneskapskontor treng tid for å hausta erfaringstal, og bed om forståing for at det vil vera større og mindre avvik første året.
- Hovudbodskapen er likevel ikkje til å mistyda: Kvam kyrkjelege fellesråd si drift er hardt pressa, og framstår som underfinansiert. Me har redusert kraftig på personalsida, og teke ned kostnadar alle stader - men det monnar likevel ikkje. Me kjenner heradet si vanskelege økonomiske stilling, og har forståing for at også kyrkja må ta sin del av innsparinga. Likevel kjennest det til tider nesten litt uverdig å vera så lite likvid som fellesrådet er.

Sak 19/24 Revisjonsrapport 2023

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek revisjonsrapporten til vitande, og bed kyrkjeverje iverksetja dei naudsynte tiltak for at rekneskapsføring og registrering er innafor godkjend regelverk.

Sak 20/24 Personalsak

Leiar Margun Mikkelsen Tordal gjorde framlegg om å lukka møtet under handsaminga, i medhald av kommunelova, § 11-5, tredje ledd, bokstav a: omsynet til personvern og teieplikt. Dette vart samrøystes vedteke.

Sak 21/24 Tilsetjing av ny kyrkjeverje for Kvam

Representanten Arne Opsahl-Engen gjorde framlegg om å lukka møtet under handsaminga, i medhald av kommunelova, § 11-5, tredje ledd, bokstav b. Dette vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i saka: Olav Skeie Lid vert tilsett som ny kyrkjeverje i Kvam frå og med 1. juli 2024. Fellesrådet får ansvar for å fastsetja løn og andre vilkår i tilsetjingsavtale og leiaravtale.